



Arkivnr: 2018/304-1  
Saksbehandlar: Toralf Rutledal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.02.2018

### Kriterium for tildeling av utrangert PC-utstyr

#### Samandrag

Fylkesutvalet har vedteke at det skal utarbeidast kriterium for ordning med tildeling av utrangert pc-utstyr. Fylkesrådmannen kjem i saka med forslag til slike kriterium.

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek at dei tilrådde kriteria vert lagde til grunn i framtidige tildelingar av utrangert PC-utstyr.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.01.2018**

Det vert vist til fylkesutvalssak 103/2017 som tek opp ordninga der organisasjonar og stiftingar kan søke om å få tildelt utrangert PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune. I sak 103/17 gjorde fylkesutvalet vedtak om at fylkesrådmannen skal kome med framlegg til framtidige tildelingskriterium for denne ordninga.

På bakgrunn av vedtak i Fylkesutvalet gjer fylkesrådmannen framlegg om følgjande forslag til kriterium for tildeling:

- Søkjarar utanfor Norge prioriterast.
- Barn og unge i organisert skuletilbod prioriterast framfor bruk i administrasjon, studiar, hobby eller leik.
- Etablerte organisasjonar prioriterast. Det kan støttast opp om initiativ i regi av HFK, men dei skal vurderast på lik line som andre søkjarar. Det skal ikkje etablerast hevd. Enkeltpersonar vil ikkje verte vurderte.
- Ein skal søkje å oppnå ei geografisk spreiding for tildelingane.
- Gjennom tildelingane skal det søkjast å oppnå ei viss rullering mellom søkjarar for å sikre at flest mogleg aktørar vert tilgodesett.
- Det skal leggjast vekt på generell kvalitet på søknaden.